

# Hallingdølen

Laussal 20 øre.

Nummer 44

Fredag 3. juni 1955

17. årgang

LYS- OG VARMLEANLEGG  
NYBYGG — UTVIDELSER




Off. aut. installasjonsforretning.

## BYGDEFOLKET OG KOMMUNEN

### har æra for sjukestugu i Gol

### Stemningsfull innvigjingsfest

### 2. pinsedag



Gol sjukestugu står i dag så å seia fullt ferdig til å bli teken i bruk. Og det er eit bygg som folket i Gol og kommunen har all ære av. Etter dei opplysningsane formannen i byggenemnda, O. Narum, gav, har bygget kosta Gol kommune 314.000,- kroner. Og formannen i Gol helselag, opplyste at innsamlingar mellom bygdefolket hadde gjeve eit resultat på over 100.000,- kroner netto. Desse pengane er seinare nyttå til turvande innkjøp av utstyr til sjukestugu.

På innvigjingsfesten 2. pinsedag var då og bygdefolket møtt mannjamt opp, for å syna at sjukestugusaka var ei hjartesak for dei. Ord. Kirkebøen fra Hemsedal sa det dei fleste hallingar teikjer og vonar, at sjukestugu i Gol må bli det grunnlaget dalen byggjer på når sjukehusplanen for dalen ein gong skal bli realisert.

leg då dei aktive i utstyrskomiteen.

Formannen i byggenemnda, O. Narum, fekk så ordet. Han tok til med å seia at målet no er nådd. Det verket som Gol helselag og Gol kommune har arbeid framimot, er no fullført.

Det var arkitekt Thune-Larsen, Oslo som fekk i oppdrag å laga teikningar for bygget. Han rådde frå å nyttå den innkjøpte tyskerbrakka. Det var lett å få teikningane godkjende, men verre å få byggeløyve. Nemnda fekk ikkje byggeløyve på bygget før i 1952 og arbeidet kunne ikkje bli sett i gang før våren 1953. Arbeidet vart sett bort på anbod. Og i dag kan vi trygt seia at alle fagfolk som har hatt med bygget å gjera, har gjort eit særskild arbeid, sa formannen, som takka alle for innsatsen. Nemnde og arkitekt Thune-Larsen hadde vore til stor hjelp og rettleiing ved bygginga, og at han hadde gjort mykje arbeid heilt gratis. Slik bygget står i dag, har det kosta Gol kommune kr. 314.000,- Men skulle ein rekna alt etter prisane i dag er sjølv sjukestugu verd til alt kr. 416.650,- dersom alt skulle vere betalt fullt ut. I tillegg til dette kjem så verdet av utstyret.

Narum ynskte til slutt at sjukestugu måtte gjera nyttå for bygda og vera til den hjelpe som tenkt.

Ord. Eiklid sa at eit slikt sjukestugubigg var eit stort økonomisk lyft for ein fjellbygd-kommune, men i dag står sjukestugu ferdig, og som gode glinger gleder vi oss. I bygdane i Hallingdal er dei sjuke vante med dårlege kår, sa tal, og ei slik sjukestugu som denne, må vera ein lekk i arbeidet for å betra desse kåra. Tal. var takksam for at fylkesmannen var til stades og kunne sjå korleis Gol hadde nyttå pengane til denne sjukestugu. Tal. bar fram ein takk til alle som hadde hatt med-sjukestugu å gjera, og nemnde serleg formannen i Gol helselag, fru Guro Narum og formannen i byggenemnda, O. Narum, som både hadde gjort ein stor personleg innsats. Sa at han var viss om at Gol kommune ville ta hand om dette bygget på ein verdig måte i åra som kjem.

Formannen i styret for Gol sjukestugu, O. Bleikvedt, takka for den tiltrua som var synt han.

Framhald side 4.

## En prat med direktør Ellewsen

### på «Breidablikk», Geilo

— Det er så at De nå skal forlate Geilo?

— Ja, jeg har solgt hotellelet og skal reise fra Geilo denne uken.

— Det må være veldig å forlate Geilo, hvor De har virket i så mange år.

— Ja, det er jo så, men nå er jeg 73 år, og har hatt en lang arbeidsdag gjennom mange år. Ferie har jeg ikke hatt på flere år. Jeg gikk like fra skolen og inn i hotellbransjen.

— Da må De vel sies å være helbefaren?

— Ja, det skal være visst!

— De har vel fått mange venner blant folket på Geilo?

— Ja, i de åra jeg har drevet Breidablikk har jeg fått mange venner, både av tilreisende og blant stedets folk. I dag hadde jeg den glede at Geilo Hornmusikk og idrettslaget musiserer og defilerte for meg foran hotellelet. En blir helt veldig av slikt.

— Min hustru, som alltid har vært min trofaste medarbeider, og jeg vil minnes tiden på Geilo som den beste i vår nå avsluttede arbeidsdag.

— Kan De nevne noen spesielle hendinger eller personer fra Deres tid på Geilo?

— Ja, det var jo morsomt at jeg fikk arrangere kjeretur i bredslede for Kongen, da han var på Geilo under vinterøvelsene i 1931. Sonja Henie sammen med sin far og den berømte promotor amerikaneren Jeff Dickson har vært gjester hos oss. Elles lar det seg ikke gjøre å regne opp alle prominente personer som har gjestet Breidablikk.

— Har De vært med i arbeidet for å utvikle Geilo som turiststed?

— Ja, det skal være visst. Fra 1931 og framover har jeg deltatt i dansen og driften av Geilo Vel, som Geilo Turisttrafikkklag er utgått fra.

Den fører en på få minutter opp i fjellet i ca. 900 m høge, i slakt terren og med herlig utsyn. Idrettsbanen, som om vinteren benyttes til skøytebane, er også et stort framover.

— De har vel sett merker etter Dem her på Geilo, herra Ellewsen?

— I alt bestjedenhet kan det jo være noe i det.

Sammen med alle de andre venner

sier vi takk for hva De har utrettet

på Geilo, og ønsker Dem og Deres frue en varm og lys livsaften.

Th.

Trefoldighetssøndag

Matt. 28, 16-20

## Jesu misjonsbefaling

AV GUNNAR RENSLO

Elleva disipler gikk til Galilea. Der hadde Jesus sett dem stevne. De hadde alle gjennomgått en veldig krise i sitt liv. De hadde fulgt Jesus i ca. 3 år og opplevd mange seire, ja endog sett at Jesus oppvakte døde. Så måtte de endog være vidner til at Jesus måtte dø. Det var ikke rart at alt liksom stoppet for dem. Så kom budskapet. Jesus var oppstanden. Han hadde flere ganger åpenbart seg for dem. Nå var spen-

ningen sikkert stor hos de elleve disiplene. De mintes at han før sin død hadde sagt at han ville gå i forveien for dem til Galilea etter at han var oppstanden.

Da de var kommet frem, møtte Jesus opp med dem og talte sin fred til deres hjerter og opplot deres forstand så de kunne forstå skriften. Da ble de glade og tilbad ham. Jesus trådte da frem og ga sin kongelige befaling: «Mig er gitt all makt i himmel og på jord; gå derfor ut og gjør alle folkslag til disipler»

Da ble en veldig oppgave lagt i hendene på de elleve disiplene, som menneskelig sett hadde liten betingelse for å løse denne oppgaven. Men de fikk et budskap å gå med. Budskapet om en Frelser som har alt makt. Han som har makt, til å forlate synder. I hans navn skulle de forkynne omvendelse og syndsforslælse for alle folkeslag. Det var ikke så lett å stå fram og forkynne om ham som nettopp var dømt og korsfestet, og så til sist den løgnpropagandaen som ypperst presten sammen med rådet hadde satt i sving, da de fikk høre av vakten at han var oppstanden. Men Jesu makterskaping og den spesielle kleidelse av kraft som han lovte da han for opp til himmelen, fikk de alle oppleve på Pinsefestens dag.

Da stod Peter fram sammen med de elleve og forkynne Jesu oppstandelse, og at han var den av Gud lovte Mesias. Dette grep alle så de spurte hva de skulle gjøre. Peter sa: «Omvend eder og enhver la seg døpe på Jesu Kristi navn til syndenes forlæselse, så skal I få den Hellige Ands gave!» Tre tusen tok imot Peters ord. Evangeliet har gått sin seiersgang tross motstand og forakt. I dag teller den kristne skaren 500 millioner, og enn lyder Jesu befaling: «Gå ut!»

## Godt sagt

Aha hjerne er eit stort pluss for ei forelska kvinne, men berre dersom ho er klok nok til å løyna det.

D. Strange.

Nærskyld familie har det godt saman, når den ikkje er saman.

Ukjent.

## Budsjettet for Ål vart på kr. 3 685 717

### Ein auke på vel 0,5 mill. kr. frå i fjar

### Skattøre 17 og reduksjonstabell II, som i fjar

Al heradsstyre hadde i siste møtet føre framlegg til budsjetten. Framlegg var på i alt kr. 3.685.717,- brutto. I fjar var bruttobudsjetten på kr. 3.150.149,-, så oppgangen i år er alt sá på vel 0,5 mill. kroner. Budsjettet byggjer på ei skattepliktig eige på 27 mill. kroner, ei pårekna inntekt på 11 mill. kroner og ei skattepliktig inntekt på kr. 8.220.000,-. Etter ein inntektskatt på 17 pst. 4 pro mille på eige og ein reduksjonstabell på II vil det då bli ein skatt på eige på kr. 108.000,- og på inntekt kr. 1.397.000,-. I alt på kr. 1.505.000,- Aukuen i skatteinntektene frå i fjar er på omlag kr. 204.700,-

I budsjettet er det rekna med desse avsettingane m.a.: Til rettsaker for kommunen kr. 10.000,-, skattakstar kr. 1000,-, elektrisk fyring av Al kyrkje kr. 2000,-, vøling av Al

En forsikring på  
**10 000**  
som gir  
**50 000**

Nå kan De som familieforsørger gi familiend den tryggheten De vet at den trenger — uten at premien blir for stor for Dem.

Se her:  
De tegner en livsforsikring i Brage f. eks. på kr. 10 000 som skal utbetales ved død eller senest ved fylte 65 år. Mot en mindre tilleggspremie oppnår De så at Brage ved eventuell død i løpet av de første 20 år, mens forsørgeresbyrden er størst, utbetaler kr. 50 000.

Noter Dem Brages forsørgerforsikring. Snakk med kontoret eller en av Brages representanter om saken.

Melder.

## NY BRO

### ved Vermeffoss i Gol

Oslo Lysverker, som ved overskjønet for Holsreguleringen ble pålagt å ombygge og forsterke Vermeffoss bro i Gol, har nå gått i gang med å bygge ny bro over Hallingdalselva. Oslo Lysverker har bestemt at broen skal ligge på jernbjelker i stedet for på kabel, og arbeidet med kjerbygging er nå påbegynt.

Oslo Lysverker ble også pålagt å ombygge jernbaneundergangen ved Vermeffoss til større dimensjoner, og de har henvendt seg til Norges Statsbaner for å få løst spørsmålet. Men da jernbanen må bruke sine egne folk til dette arbeidet, hvor arbeidskraften er mindre god, er ombyggingen blitt forsinket. Nå har distriktsjef F. Poppe Jensen i Bergen og formann for veganlegget Vermeffoss Moen, Olav Thorshaug, blitt enige om at ombyggingen av jernbaneundergangen skal foregå til vinteren. Det er opplyst at undergangen skal utvides til 5 m bredde og 3,6 m høge.